

Høyringsuttale (KF-340)



Referansenummer: 5HSYAW

Registrert dato:

14.09.2018 23:59:07

Innleiing	
Uttalen blir gjeven	
<input checked="" type="radio"/> Personleg	
<input type="radio"/> På vegner av føretak/lag/foreining	
Opplysningar om innsendaren	
Førenamn	
Arne	
Etternamn	
Aven	
Adresse	
Sundsbovegen 157	
Postnummer	Poststad
5955	LINDÅS
Telefon	
E-post	
aaven@online.no	

Høyringsuttale
Høyringsuttale
Velj høyringsuttale:
<input checked="" type="radio"/> Arealinnspel til kommuneplanen sin arealdel 2019-2031
<input type="radio"/> FV57 Gang- og sykkelveg Skodvin Vågseidet
Uttale
Lindås senter, klimatiltak – pendlarparkering. Både nasjonalt og lokalt kommunalt er det ei målsetting om å redusere utslepp frå kjøring med privatbil. For oss som soknar til Lindås senter, dvs innafør ca 0-10 km vil målsettinga vere godt oppfylt så lenge teneste- og servicetilbodet på Lindås er slik at vi slepp å reise lenge enn hit.. Reiser til arbeids- og servicetilbod som vi ikkje finn i senteret på Lindås, utfører dei fleste i dag med privatbil. Mange av desse private bilreisene kan sløyfast dersom det var eit effektivt og attraktivt kollektivtilbod mellom Lindås senter sørover mot regionsenteret Knarvik og Bergen, og nordover mot Mongstad og dei andre sentra og bygdene, i den delen av Nordhordland som ligg langs ringvegen rundt Lurefjorden. For å redusere klimautslepp (bilbruk og reisetid) må kommunen : 1. <input type="checkbox"/> Oppretthelde og støtte opp under servicetilbod og aktivitet i Lindås senter slik at behovet for å hente tenester utanfrå vert minimalisert. 2. <input type="checkbox"/> Syte for at behovet for våre reiser til arbeid og tenester utanfor Lindås senteret vert fullgodt dekket av eit kollektivt reise/ rutetilbod. Mine innspel til desse punkta, (-på langt nær uttømmende) : Til pkt 1. For å sleppe reiser og få eit godt tenestetilbod i Lindås senter, må vi ha godt tilbod av bustader, skule, barnehage, lege, butikkar, tannlege, sjukeheim, seniorsenter, seniorbustader, lokaler og areal for ulike aktivitetar og sjølv sagt

plass/område for ulikt privat tenestetilbod. Arealmessig godt organisert

Til pkt 2.

Ferdselsåra for reiser frå/til Lindås senter er den gjennomgåande riksvegen. Kollektivtransport langs denne åra er i dag buss der tilknytningspunkta er busshaldeplassane.

Det noverande kjøresystemet gjennom senterområdet må behaldast.

For å leggje til rette for ei framtid der storparten av reiser frå Lindås senter til andre reissmål kan/bør føregå kollektivt, må det sikrast areal til og opparbeidast parkeringsplass for pendlarparkering i Lindås senter. Denne parkeringspassen meiner eg må (dersom ein reiser retning Mongstad-Knarvik) liggje umiddelbart før/i Kolåskrysset, eller i/etter krysset ved Haugatun. på plassen må det vere busshaldeplass ved riksvegen og ladestasjon for EL -bilar. Ved lokaliseringa må det og sjølvstakast omsyn til trafikktryggleik og tilkomst frå lokalvegnettet inn mot senteret.